

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætre marka 2  
5943 AUSTRHEIM

---

Dato	24.01.2023
Vår referanse	2022/55020-16
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

## Møtereferat - Områdeplan Kaland/Fonnes - Austrheim kommune

### Møtereferat - Områdeplan Kaland/Fonnes og Leirvågkrysset - Austrheim

Vestland fylkeskommune viser til dialogmøte datert 09.01.2023 med Austrheim kommune. Til stades på møtet var Per Lerøy og Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune, samt Kari Elster Moen, Tor Steinar Høyland, Mats Korneliussen, Silje Svanevik og Andreas Sivertsen Våge frå Vestland fylkeskommune.

Merk: Møtereferat for Leirvågkrysset og områdeplan Kaland/Fonnes blir sendt i to separate brev.

### Dialog om motsegn - områdeplan Kaland/Fonnes

Vestland fylkeskommune fremja motsegn til områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes (planid: 2021002) i brev datert 21.11.2022. Austrheim kommune informerte om at dei fleste merknadane blir tatt til følge og konsulentfirmaet ABO jobbar med å oppdatere plankartet.

Kommunen ønska å ta opp med fylkeskommunen motsegna til kryssingstilbod for mjuke trafikantar. Fylkeskommunen skreiv i fråsegn til områdeplanen på høyring:

#### *Ikke trygt kryssingstilbod for mjuke trafikantar*

*Planforslaget sikrar ikkje trygg kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar. Dette er ikkje i tråd med nullvisjonen om null drepne eller hardt skadde i vegtrafikken. Tilrettelegging for bustadbygging på motsett side av fylkesvegen til viktige målpunkt, vil føre til ein auke i potensielle farlege situasjonar. For å sikre trafikktryggleiken på staden, må det setjast rekkjefølgjeføresegn om sikker kryssing av fylkesvegen før igangsetjingsløyve for tiltak innanfor utbyggingsområdet. Det finst døme på kor villkryssing har ført til alvorlege trafikkulykker. Fylkeskommunen meiner med den forventede auken av trafikken på staden, vil det vere fare for det same her. Austrheim kommune har i eit tidlegare møte med fylkeskommunen ytra at dei set trafikktryggleik høgt, spesielt for mjuke trafikantar. Det er viktig å ha tilrettelegging av kryssingspunkt for born som skal krysse vegen når dei skal til skulen, eller til og frå skulebussen.*

*Det er knytt motsegn til dette punktet.*

Diskusjonen på møte førte fram til at ein mogleg løysing kan vere tilrettelagt kryssingspunkt for mjuke trafikantar. Før ei slik løysing kan bli godkjend må det utarbeidast ein trafikkanalyse. Trafikkanalysen skal innehalde fartsmåling på staden. Det må greiast ut kor det sikraste kryssingspunktet vil vere, og kor plassering av belysning og ledegjerder bør vere. I tillegg må det regulerast inn gangveg/gang- og sykkelveg med tilhøyrande trafikkdelar i samsvar med krava i N100 på sørsida av fylkesvegen, slik at kryssande fotgjengarar får ein samanhengande kopling og landingsareal i forbindelse med kryssingspunktet.

Vestland fylkeskommune vil vurdere å trekke vår motsegn til planforslaget når vi får tilsendt oppdatert plankart og trafikkanalyse.

Med helsing

Mats Korneliussen  
leiar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*